
Fra: Karstein Totland
Sendt: 17. mars 2017 13:46
Til: Sveinung Toft
Emne: VS: Utbetringspunkt FV570 Einestrand-Mjanger
Vedlegg: Utbetringspunkt_FV570.pdf

Fra: Kjersti Furnes Soltvedt
Sendt: 17. mars 2017 13:40
Til: frode@fh-maskin.no
Kopi: Karstein Totland; Roald Kvingedal
Emne: Utbetringspunkt FV570 Einestrand-Mjanger

Hei!

Sender over eit oversiktskart som viser dei punkta vi såg på i går langs FV570.
Dersom du treng meir detaljerte kart kan eg sende deg dette.

Søknadsfrist for kommunen er 1. april for å søkje tilskotsmidlar.

Fint om du kan kome med tilbakemelding til oss innan ca ei veke slik at vi har nokre dagar til å gjere klar søknaden.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 56166297, Mob. 90619603, Sentralbord: 56166200
E-post: kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>



1#7_ae3146bd-54da-4f3e-9ca5-a6c17e13fbd4:6



	Utbetningspunkt FV570
	17.03.2017
	Målestokk 1:5000



	Utbringingspunkt FV570
	17.03.2017
	Målestokk 1:5000

1#8:a314b5d-54da-4f3e-9ca5-a6c17e13bd47

Vedlegg 2.

Skisse til framdriftsplan for:


Prosjekt «Utbetningspunkt langs fylkesveg 570 frå Mjanger til Kvamme i Masfjorden kommune»

Ansvarleg søker: Masfjorden kommune

Framdriftsplan

Tidspunkt	Aktivitet
28.03.2017	Søknad om tilskot til punktutbetring
19.04.2017	Handsaming av tilskotssøknader i Hordaland fylkeskommune
Mai 2017	Arbeid med detaljprosjektering som grunnlag for anbodsinnhenting
Juni 2017	Utsending av tilbodsdokument, jf. regelverket om offentleg anskaffing
August 2017	Val av entreprenør/ ar
August 2017	Kontraktsdrøftingar m.v.
1. oktober 2017	Fjerning av skog, rydding og tilrigging m.v.
1. november 2017	Anleggsarbeid oppstart
1.november –1. september 2018	Anleggsarbeid pågår
1. oktober 2018	Sluttbefaring med ferdigstilling
10 november 2018	Sluttrapport innsending

Masfjordnes, 28.03.2017


Sveinung Toft



Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

SØKNADSSKJEMA 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/13889"

(Alle punkta skal fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltaket: Utbetringpunkt langs fylkesveg 570 frå Mjanger til Kvamme i Masfjorden

Søklar (kommune)

Namn: Masfjorden kommune

Adresse: Austfordvegen 2724

Postnr./stad: 5981 Masfjordnes

Org.nr.: 945627913

Kontonr.: 3201 48 54958

Prosjektnr.:2017 - 1

Ressursnr.:17/293

Administrativ kontaktperson hjå søklar

Namn: Sveinung Toft

Telefon:

E-post: Sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Mobil:

Type trafikant	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Fylkesvegnr.	Status	Type tiltak	Framdrift
Kven er tiltaket retta inn mot?	5.000.000 kroner (eks mva).	4.000.000 kroner (eks. mva.)	Fylkesveg 570	Tiltaket er forankra hjå	- Punktutbetringar	Tiltaket kan starta opp 01.10.2017
- Møteulukker				- Formannskapet		Tiltaket skal vere ferdig 01.10.2018
- Dårleg sikt				- Trafikksikringsplan		
- Fotgjengarar				- Kommuneplanen sin samfunnsdel kap.1		
- Næringslivet				- Statens Vegvesen		
(Dårleg kurvatur og svingete og smale vegparti gjer vegen vanskeleg for store bilar, bussar særleg på vinterstid.)				(i rapport nr. 6 om strekningsvise utgreiingar Delstrekning 10 FV 570 Andås - Masfjordnes ferjekai.)		

Omtale av tiltaket

Masfjorden kommune har hatt synfaring imed Statens Vegvesen og med røynd maskinentreprenør og har vurdert fleire utbetningspunkt på FV 570 frå Mjanger til Kvamme. Dette er ein strekning som har svært dårleg standard med mange innsnevringar, trange parti, og der det mange stadar er langt mellom møteplasarane. Det fører til fare for møteulykker, problem for mjuke trafikantar, og bilar som må rygge på lengre strekningar, samt på vinterstid ulykker knytt til at spesielt store bilar, bussar m.fl. får problem og hamnar i grøfter. Nedunder er overslag på utbetring av vegen på 18 aktuelle punkt langs denne strekninga vist i tabell. Det vert og vist til vedlagde situasjonskart der desse punkta er markert.

For kvart av dei 18 punkta er det teke med kostnader med sprenging, transport, planering, pukk og grusing. Asfalt, rekkverk og merking på strekninga er til slutt vist på eigen rad, og då som ein stipulert sum, sidan desse postane er vanskeleg å vite før vidare detaljprosjektering er gjort. Målet er å få til eit utbetningsprosjekt med høg kost/nyttefaktor.

Punkt	Skildring	Pris
1	Utviding sikt	190 000,-
2	Sikt-utviding	210 000,-
3	Sikt-utviding	170 000,-
4 og 5	Forlengje lomme-autovern og mur	260 000,-
6	Utviding av vegen	135 000,-
7	Utviding av vegen	210 000,-
8	Utvide vegen	190 000,-
9 og 10	Utvide-sikt kurvatur	335 000,-
11	Utviding av vegen	360 000,-
12	Utviding av vegen	235 000,-
13 og 14	Utviding, sikt og bakketopp	280 000,-
15 og 16	Utvide- fylling stein	335 000,-
17	Utvide vegen	200 000,-
18	Utvide vegen	310 000,-
	Asfalt, rekkverk og merking	1.330.000,-
	Rigg og drift	250 000,-
	Sum eks MVA	5.000.000,-

Vedlegg 1: Situasjonsskart i målestokk 1:5000 (Mjanger – Kvamme)

Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: 01.10.2017

Pårekna avslutta: 01.10.2018

 Kan gjennomførast omgåande Må lagast anbod**Evt. ferdigstilling i 2018**

Tiltaket vert ferdigstilt hausten 2018, sidan det er naudsynt å prosjektera tiltaka og deretter få dei ut på anbod i medhald av regelverket om offentlege anskaffingar..

Vedlegg 2: Skisse til framdriftsplan**Finansiering (alle beløp i kr eks mva)**

Totalkostnad for tiltaket: 5.000.000,-

Søknadsbeløp for tiltaket: 4.000.000,-

Evt. eigenandel

Masfjorden kommunen ønskjer å gå inn med ein eigenandel på inntil krone 1.000.000,- (maksimum 20 % prosent av totalkostnaden).

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 09.02.2017.

28.03.2017

Dato/stad

Sveinung Topp
 Underskrift ansvarleg søkjar

3

